



Årdal kommune

Høyringsutkast – juni 2021

Forskrift om hundehald og utvida bandtvang for hund i Årdal kommune

Vedteke i kommunestyret **xxx**. Sak nr: **xxx** med heimel i lov av 4. juli 2003 nr. 74 om hundehold (hundeloven) §6 annet ledd og §11.

§ 1.Føremål

Årdal kommune ynskjer at lokal forskrift er med å:

- fremje eit positivt og ansvarleg hundehald som ivareteke omsynet til tryggleik, alminneleg ro og orden, og reduserer konfliktnivået mellom hundehald og ålmenta ved å leggje vekt på tryggleik og trivsel for bufe, vilt og menneske.
- fremje hundehaldet ved at hundar vert teke vare på, på ein god og kontrollert måte
- hindre at hundar skremmer eller hindrar folk og spesielt born frå fri leik
- hindrar at hund jagar bufe på beite
- verna om vilt og viltet sitt leveområde, spesielt under yngling og periodar med ekstraordinære naturtilhøve

§ 2.Verkeområde og definisjon

Forskrifta omfattar heile Årdal kommune.

Med bandtvang er i denne forskrifta meint at hundar skal haldast i fysisk band eller vere forsvarleg innestengd eller inngjerda.

§ 3. Bandtvang med omsyn til viltet

Ordinær bandtvang gjeld i tida frå og med **1. april til 20. august** jfr. § 6 i hundeloven.

§ 4. Bandtvang med omsyn til menneske

Det er bandtvang i maskinpreparerte skiløyper i den tida på året dette er aktuelt. Dersom nokon har med seg hund i maskinpreparert skiløype, skal ikkje hunden vere til hinder for andre brukarar.

§ 5. Bandtvang med omsyn til beitedyr

Eigar eller innehavar av hund i Årdal kommune, skal halda hunden i band eller forsvarleg innestengd eller inngjerda i tida frå og med **20. august til og med 1. november** jfr. hundeloven §6 e) i dei områda der husdyr har rett til å beita og faktisk beitar.

§ 6. Bandtvang under ekstraordinære tilhøve

Ekstraordinære tilhøve:

Unormalt store snømengder, nedising av beiteområde eller andre klimatiske tilhøve som gjer viltet særleg sårbart mot uroing og stress. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Kommunedirektøren kan innføre ekstraordinær bandtvang for heile eller deler av kommunen for å verna vilt jfr. §6 f) i hundeloven dersom tilhøva tilseier at det er naudsynt. Bandtvang fastsett i medhald av bokstav f) må opphøyre straks forholda tilseier det.

Vedtak om innføring av ekstraordinær bandtvang skal kunngjerast i dei media kommunedirektøren finn føremålstenleg, samt på kommunen si heimeside. Vedtak om oppheving skal kunngjerast på same måte som innføring.

§ 7. Unntak frå forskrift om utvida bandtvang er:

- a) Hund som vert nytta i reindrift
- b) Dressert gjetarhund i arbeid med vakting/gjeting av bufe
- c) Tenestehund i arbeid, samt under lovleg trening eller prøving
- d) Jakthundar i bruk ved lovleg jakt, under lovleg trening eller prøving og i samband med registrering og taksering av rypebestand.
- e) Ettersøkshundar under trening og lovfesta ettersøk på skadeskutt eller trafikkskada hjortevilt.
- f) Hund nytta til lovleg uttak av rovvilt
- g) Organisert trening og prøving av brukshundar.

Det er eit krav at unntaka kan gjennomførast utan fare for beitedyr og at hund blir følgd på forsvarleg måte av hundeførar.

§ 8. Reinhald, ro og orden

Hundehaldar pliktar straks å fjerne ekskrement som hund let etter seg på offentleg stad. Ekskrement skal deponerast på dertil eigna stad og hundeposar skal ikkje kastast i naturen. Med offentleg stad er i denne forskrifta meint område regulert til skule og barnehage, gate, veg, fortau, sti, park, torg, eller liknande der det er allmenn ferdsel eller som er bestemt for allmenn ferdsel.

Hundeeigar må syte for at alminneleg ro og orden vert ivareteke, slik at hund ikkje uroar nokon med vedvarande gøying eller uling.

§ 9. Område der hundar har ingen, eller avgrensa tilgang

Hundar har ikkje tilgang til barnehage og skuleområde utan avtale. Forbodet gjeld ikkje førarhund eller hjelpehund.

§ 10. Dispensasjon

Kommunedirektøren kan, etter søknad, dispensere frå vedtektene om bandtvang gjevne i hundelova eller denne forskrifta.

§ 11. Klage

Vedtak om innføring av ekstraordinær bandtvang kan påklagast til Statsforvaltaren i Vestland, jf. forvaltningslova kapittel VI.

§ 12. Straff

Brot på denne forskrifta er straffbart i medhald av lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehold (hundelova) § 28.

§ 13. Verknadstidspunkt

Denne forskrifta trer i kraft så snart den er kunngjort i Norsk Lovtidende.

Forskrift om utvida bandtvang for hund i Årdal kommune vedteke 26.11.2009, vert oppheva.